

Ulltråd m.m.



Utposten held fram med denne spalten fordi vi meiner at vi kan lære om vi deler det vi opplever i praksis, mange situasjonar kan vere til å le av, andre kan stimulere til ettertanke.

Stadig møter vi pasientar som kjem med historier frå virkeligheten som vi ikkje kan forstå. Det handlar ofte om at pasienten også har søkt anna hjelp for sine plager enn den vi kan gje som legar (om lag halvparten av pasientane gjer, eller kunne tenkje seg å gjere det). Mange har mykje å fortelje om vi gjev rom for at det kan kome fram. Ein titt bladet alternativt nettverk, viser litt av mangfaldet på dette området. Det er historier om alt frå det vi ville kalle gamle kjerringråd, via alternative forståelses-rammer for både kropp og sjel, religiøse sekter og mystisisme til bruk av teknikkar som er på full fart inni det gode selskap. Teiknet på det er at yrkesgruppene arbeider for anerkjenning i samfunnet og formell godkjenning som helsepersonell.

Kanskje kunne konsultasjonen og i større grad utnytte dei positive lækjande prosessane alternative behandlingsformer utnyttar om vi forstod noko meir av kva som foregje. Å ha den akademiske utforskartrangen med seg i allmennpraksis, kunne leie til mange forskingsprosjekt på dette området. Kva gjer vi når ein pasient ber om sjukmelding ut frå eit begrepsapparat om sjukdom som handlar om energimangel, meridianer og baner som vi ikkje skjønar oss på?

Her kjem to små historier får min kvardag (slik mine pasientar fortel dei)

Ho var innlagt på Ullevål og skulle opererast for ca pancreatis. Tumor hadde obstruert gallevegsutløpet og var endoskopisk biopsert og diagnostisert med alle tenkeleg metodar som dagens norske sjukhusverd kan by på. Eit stort legeteam var på plass for gjennomføre inngrepet. I dei tre vekene ho venta på inngrepet, søkte ho også hjelp hos ein healer. Ein dag då pasienten fekk handspålegging hos sin healer, kjende ho det som om noko sprakk i magen, og dagane etter kom det mykje mørk urin. Operasjonen blei gjennomført, og arret talar sitt tydelege språk, frå flanke til flanke. Familien blei tilkalla for å få informasjon frå legen etterpå, og møtte opp budde på det verste. «Vi fant ingen kreftsvulst, og vi skjønner det ikke».

Dama møtte meg i godt hold og god almenntilstand for få veker sidan. Det er ca 5 år sidan inngrepet. Det høyrer og med til saga at ho blei operert på sin manns dødsdag. Ho hadde på førehand bedt om å få bytte dag for inngrepet – til ingen nytte.

Den andre historia er vel nærare kategorien kjerringråd. Ho kom til meg med ein tråd på overarmen, eg spurde forviten kvifor. Her er svaret eg fekk frå Inga 90 år som vennleg deler denne erfaringa med Utpostens lesarar:

«Gammelt råd for krampe i bena. Knytt en ulltråd rundt ankelen. Jeg har utprøvet dette med ulltråd selv. På grunn av senebetennelse i høyre hånd, kunne jeg ikke gjøre noe håndarbeide. Tommelen blev helt hvit, og neglen blev som papp. Når ulltråd hjelper for bena, så hjelper det vel på armen også, tenkte jeg. Jeg tok en ulltråd to ganger rundt håndleddet. Det blev så stor spenning i fingerene at jeg greide ikke å ha den der. Jeg knyttet tråden på overarmen. Det hjalp utrolig. Nå kan jeg kan strikke, hekle og sy. Ingen problemer. En annen gang fikk jeg en svie på venstre kinn, og brukte flere salver og kremer. Det blev bare verre. Jeg tok en lang ulltråd og satte en hårspenne midt på og festet den i håret, slik at det blev to tråder. Jeg la dem litt fra hverandre ned på kinnnet og festet med tape, og lå med det slik natten over. Neste dag var svien helt borte. Det er mange som har fått råd av meg, og gjort samme erfaring. Til slutt et gammelt råd mot hikke: Ta en teskje bringebærsyltetøy, det hjelper straks. Likedan med diare, ta en teskje potetmel rørt ut i vann og drikk det. Utrolig, men sant, det hjelper.»

Frode Forland